



**SINGING TWEENS**

Tårnagentkoret heiter no SINGING TWEENS.

Tårnagent-koret har forandra både namn og alder i haust. Vi heiter **SINGING TWEENS**. Tweens betyr 'mellom'; ei aldersgruppe frå 9 - 12 år. Vi har sett alderen frå 4 - 7 klassetrinn. **VELKOMEN TIL DEG SOM LIKAR Å SYNGJA**. Syngja saman og åleine, men hovudmålet er at vi skal ha det kjekt ilag. Tweensarar/ born frå 4. til 7. klasse i andre bygder er velkomne til å vera med i Uskedalen.

Singing Tweens vert truleg ei songgruppe etter så mange som kjem. Vi har øving kvar onsdag i Uskedalen bedehus kl 17 - 17.50. (Vi føl skuleruta, med unntak 2 oktober; då er fleire leiarar på ferie).

**OPPSTART: ONSDAG 28. AUGUST KL 17.00 I USKEDALEN BEDEHUS.**

Programmet kvar gong vert slik:

1. Vi syng oss saman med kjente songar.
2. Innlæring av nye songar/tekstar.
3. Kort andakt og Fadervår via song
4. Songstund.
5. 10 min leik eller aktivitet.

Vi har lagt inn førjulskonsert, song på Rosendalstunet og to aktivitetsdagar i haustprogramet på onsdagen. I tillegg vert det truleg song på to gudstenester. Barnekoret i Rosendal vert med på førjulskonserten.

Singing Tweens er drive av Uskedal Sundagsskule med leiarane: Eva, Trude, Lisa, Jon Harald og Nelly. Hovudleiar er Nelly Kjærland. Mobil: 95082320. Musikalsk leiar er Eva. Vi kjem til å ha hjelpeleiarar, men det er uvisst kven det vert.

Vi arrangerar hjelpeleiarkurs i Uskedalen bedehus laurdag 7 september. Alder: 5 - 8 klasse. (Der kan andre lag også få delta med sine hjelpeleiarandidatar – ta berre kontakt med Nelly). **VELKOMEN ☺ VI GLED OSS TIL Å MØTA DEG!**

Tekst/logo: Nelly Kjærland

Nett: Kristian Bringedal